

Eksamensoppgåvesett

2NO35-3 og 2NOL51-31 Språk og samfunn (årsstudium i norsk og lektor m/norsk) – 15 stp

Generell informasjon:

Tid og stad: 13.05.2024, 6 timar (kl. 09.00-15.00), Inspera, fysisk på studiestaden (Hamar)

Målform: nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak)

Hjelpemiddel: ordliste utan eigne notat (ordlista kan bli kontrollert av eksamensvaktene)

Merknad: Sidan dette emnet i utgangspunktet har nynorsk som obligatorisk skriftspråk på eksamen, og språkleg variasjon også er eit hovudtema innanfor dette emnet, er sjølvve eksamensteksten berre utforma på nynorsk, sjølv om nokon eventuelt har søkt fritak frå å svare på nynorsk.

Informasjon om oppgåvene:

Du skal svare på to (2) oppgåver. Vel éi oppgåve (anten 1a eller 1b) frå **del 1** og éi oppgåve (anten 2a eller 2b) frå **del 2**. Begge oppgåvene du har valt, skal skrivast på nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak).

Begge oppgåvene må vere beståtte for at eksamen skal vere bestått. Den språklege framstillinga (blant anna rettskrivinga) er ein del av det heilskaplege vurderingsgrunnlaget og må i seg sjølv kunne vurderast som tilfredsstillande, uavhengig av det faglege innhaldet, for at eksamen skal vere bestått.

Oppgåvene er vekta likt, og du har cirka tre timar per oppgåve.

Oppgåveformuleringane står på neste side (side 2).

OPPGÅVER (Svar på to oppgaver, éi frá del 1 og éi frá del 2.)

Del 1 (Svar på anten 1a eller 1b.)

1a) Korleis kan språkleg variasjon i talemålet reflektere identitet? Bruk fagomgrep og drøft.

1b) Drøft betydninga av individuelle forskjellar, slik som mellom anna alder og motivasjon, når ein 18-åring begynner å lære norsk.

Del 2 (Svar på anten 2a eller 2b.)

2a) Kommenter setningane nedanfor enkeltvis og i ein større samanheng ut frå språkhistoriske/-politiske (samfunnsrelaterte) og språkvitskaplege (lingvistiske) perspektiv.

- a. *Qllum mǫnnum þeim sem þetta bréf sjá/séa eðr heyra senda NN...*
- b. *Ollum monnum þæim sæm þettæ bref sea ædr hoeyræ sændæ NN...*
- c. *Ollom monnom them ssom thette breff ssee heller høre sender NN...*
- d. *Öllum mönnum þeim sem sjá eða heyra þetta bréf senda NN...*
- e. *Øll monnum (tey) sum síggja ella hoyra hetta brævið senda NN...*
- f. *Til alle menn(, dei) som ser eller hører dette brevet, sender NN...*
- g. *Til alle menn(, de/dem) som ser eller hører dette brev(et), sender NN...*
- h. *Til alle mænd (de/dem) der ser eller hører dette brev, sender NN...*
- i. *Till alla män som ser eller hör detta brev skickar NN ...*
- j. *Tel aljlj menjnj som sjer eljlj høre de herre her breve senjnje NN...*

2b:

Ivar Aasen skreiv i 1836 (*Om vort Skriftsprog*):

Efterat vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemærke. Saalænge Norge ansaaes som en dansk Provinds, og Landets Embeder for en stor Deel besattes af Danske, ja endog alle Norske, som nød videnskabelig Opdragelse, oplærtes i Danmark og paa Dansk, og følgelig Dansk eller Kjøbenhavnsk Tale og Skrift omsider blev herskende hos os, var det naturligt, at vort Sprogs Nationalitet maatte gaae under. Hiin Umyndighedstid er svunden, og vi burde vise Verden, at vi ogsaa i denne, vistnok ikke uvigtige Sag - attraaede at være selvstændige.

Forklar den språkhistoriske og -politiske bakgrunnen for dette tekstutdraget, og drøft i kva grad ein kan seie at visjonen til Ivar Aasen er oppnådd nesten 200 år seinare. Kan ein seie at "Hiin Umyndighedstid er svunden»?